

Hei Ole-Vegard

Takk for praten i går. Eg og rådmann har snakka saman i etterkant av svaret me fekk frå KMD, og har følgjande betraktningar:

Tysnes kommune vil først og fremst takka Vestland Fylkeskommune for at ein aktivt har gått til KMD for å innhenta deira vurdering av saka. Me har forståing for at dette ikkje er heilt enkelt, ettersom at dette er ein ny problemstilling.

Me ser at KMD under tvil har kome til at lova må tolkast som at kommunevåpen frå nedlagde fylkeskommunar skal reknast som «eksisterande kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg». Grunnen til at dette er problematisk er at våpenet kan forvekslast med det gamle fylkesvåpenet til Hordaland Fylkeskommune. Slik Tysnes kommune vurderer det er det ein viss forvekslingsfare, men det at våpenet får ein annan farge, samt ulikt skjold, gjer at det er mogelig å skilja det tidlige fylkesvåpenet frå det føreslåtte kommunevåpenet til Tysnes, også når det blir illustrert i svart/kvitt. KMD trekker fram at viss Tysnes kommune no «overtar» Hordaland fylkeskommune sitt tidlige motiv, kan dette vere med på å svekke tilliten til offentlege organ. Me har ikkje forståing for den vurderinga. Me meiner at det tvert i mot aukar tilliten til offentlige organ når det offentlige organet nyttar eit kommunevåpen som representerer historia i det geografiske området på den måten motivet til «Olavsgildet» gjer for Tysnes sitt vedkommande.

I skrivet til KMD er det reflektert lite over symbolikk i fylkes- og kommunevåpen, og kva «arv» me gjev slepp på når me bytter ut gamle våpen. Her skulle KMD vore glad for at Tysnes ynskjer å vidareføre motivet frå «Olavsgildet» i sitt våpen. Tysnes kommune har ynskja å ha dette som våpen tidligare, men har heller nytta ein redigert versjon på grunn av at fylkeskommunen har nytta motivet.

Me ser at KMD i sitt skriv informerer om at:

*«Til samanlikning så kan bruk av eit eldre kommunevåpen i nokre samanhengar vere uheimla bruk etter straffelova § 165 b. Det inneber at ein i den samanhengen ikkje utelukkar at eit tidlegare kommunevåpen har eit vern mot misbruk. Dette taler for at eit tidlegare kommunevåpen bør ha eit vern mot at andre kommunar vedtar nye kommunevåpen som kan forvekslast med eit eksisterande våpen sjølv om det ikkje lenger er i bruk eller den aktuelle kommunen ikkje eksisterer.»*

Slik me les dette, kan det tolkast som at Vestland Fylkeskommune har høve til å anmelde Tysnes kommune viss me vedtar å nytta motivet frå Hordaland Fylkeskommune sitt tidlige våpen. Korleis saka vil bli etter ein juridisk prosess er ikkje kjent. Me ynskjer likevel at Vestland Fylkeskommune er positiv til at Tysnes vedtar å «overta» motivet til Hordaland. Me vurderer at KMD ikkje er eintydig i sitt svar i denne saka, og at dette er noko me får til så lenge Tysnes kommune ynskjer det, og så lenge Vestland fylkeskommune ynskjer det.

Me ynskjer difor at fylkeskommune politisk vedtar ein uttale til denne saka, slik at me får avklara fylkeskommune sitt syn på saka før me går vidare for å behandla dette i kommunestyret. Me ser på dette som ein gladsak for både fylkeskommune og for Tysnes kommune. Historia om Olavsgildet er ikkje berre viktig for Tysnes og Hordaland. Det er ein historie som også bør vere viktig for Vestland.

*Med venleg helsing*

**Kåre Martin Kleppe**

*Ordfører*



*Tysnes kommune*

*Mob. 472 38 850*